



DEN NORSKE KYRKJA

Ulstein sokneråd - Ulstein kyrkjelege fellesråd

Innkalling til møte i Ulstein sokneråd

Tid: 10.04.2024 kl. 19:00

Stad: Kyrkjekontoret

Desse er kalla inn:

| | |
|---------------------------------|-----------------------|
| Odd Arne Vikebakk | Leiar |
| Silje Kiperberg Aksnes | Medlem |
| Linda Hasund | Medlem |
| Cecilie Frantsen Skeide | Medlem |
| Gunn Marthe Veddegjerde Pieroth | Medlem |
| Øyvind Grimstad Hagen | Medlem |
| Berge Myrene | Medlem |
| Ingrid Redse Mjaaseth | Medlem |
| Margit Lovise Holte | geistleg representant |
| Beate Hopland Langnes | 1. vara |
| Monica Leine Tokheim | 2. vara |
| Christfried Kaul | sekretær |

Forfall må meldast snarast.

Varamedlemar får særskild innkalling når dei blir kalla inn til møte

Sakliste:

| Saksnr | § | Sakstittel | Arkivnummer |
|-----------|---|---|-------------|
| S-2024/13 | | Gudstenesteliste hausten 2024 | |
| S-2024/14 | | Oppfølging felles møte sokneråd og stab | |
| | | | |

Meldingar:

S009 Referat frå møtet i vedlikehaldsutval for Ulstein kyrkje

Vedlegg: Referat

Utvalet hadde sitt første møte 18.03. Det er laga ei oversikt over prosjekt, ei fordeling og ei prioritering av oppgåvene.

S010 Referat frå møtet i gudstenesteutval for Ulstein kyrkje

Vedlegg: Referat

Utvalet hadde sitt første møte 02.04. Utvalet drøfta konkrete innspel til gudstenesteplanen for hausten 2024, men også nokre generelle punkt når det gjeld gjennomføring av gudstenester.

F011 Godkjenning av flytting investeringsmidlar frå 2026 til

Vedlegg: Utdrag frå protokoll Kommunestyremøte 21.03.2024

Ulstein Kommunestyret vedtok i sak P32/24 å flytte kr. 875.000 frå investeringsramme Ulstein kyrkje 2026 til 2024 Investeringa skal brukast til å bygge om våpenhuset i Ulstein kyrkje.

F012 Deltidsengasjement vikar for kyrkjelydssekretær

Det er gjort avtale med Annelise Kleven Godø om å vere vikar for kyrkjelydssekretæren i 10% til over sommaren.

Ulsteinvik, den 04.04.2024

| | |
|-------------------|------------------|
| Odd Arne Vikebakk | Christfried Kaul |
| Leiar | Sekretær |

Referat frå møte i utval for vedlikehald av Ulstein kyrkje

Dato: 18.03.2024, kl. 19:00 – 20:00

Stad: Ulstein kyrkje

Desse møtte: Linda Hasund, Beate Hopland, Christfried Kaul

Sak 01-2024 Oversikt over oppgåver utvalet ønskjer å ta tak i

1. Maling av dørkarmer, rammer, stolper i alterrommet
2. Nye trekk og sprøytemaling av stolane i alterrommet
3. gjennomgang av kyrkjetekstilene
4. bruks og designskisse for ombygging av våpenhuset
5. bøting av løperen i midtgangen
6. vasking / pussing av lysekroner
7. dugnad for nedvask av kyrkja
8. Vurdering om vedlikeholdsmaling av dei nye kyrkjedørene

Det er mange prosjekt å ta tak i. Utvalet har difor prioritert nokre av prosjekt og ønskjer å starte med.

Sak 02-2024 bruks- og designskisse for ombygging av våpenhuset

Når kjellaretasjen og hovudetasjen av våpenhuset skal byggast om, er det viktig å sjå på funksjon og utsjånad. Beate og Linda lager ei idéskisse som staben kan drøfte under planleggingsdagane i april, og deretter sokneråd. Idéskissen skal sendast til godkjenning til biskopen og danne grunnlaget for konstruksjonsskissen for ombygginga.

Frist for idéskissen: 19.04. Beate tek hovudansvar for dette.

Sak 03-2024 Maling av dørkarmer, rammer, stolper i alterrommet

Interiørmaling i kyrkjerommet vil troleig ha spesifikke krav på valg av maling, og utføring av arbeidet. Sjølv om ein fryktar at det er oppgåver kunsthåndverkarar må utføre så ønskjer utvalet å gjere eit forsøk med å dokumentere skaden og lage forslag for arbeidet som skal utførast. Utvalet ønskjer å sende forespørsel til biskopen om å utføre arbeidet som ikkje er direkte dekormaling på dugnad.

Christfried framskaffer dokumentasjon frå tidlegare malingsarbeid, og lager ein enkel søknad.

Sak 04-2020 Gjennomgang av kyrkjetekstilane

Her er det naudsynt å ta ei rydding i alt som har med dukar og servietter å gjere. Her bør ein konferere med sokneprest og kyrkjetenar. Her trengst det kanskje å reparere / bytte ut noko. Vi treng å oppspore dei svartbroderte serviettane til vinkalk og brødfat og ha ein plan for rensking av dei som har flekkar. Det skal lagast ei rutine for kva ein skal gjere med tekstilar som får på seg vinflekkar. Rutinene er viktig å formidle til dei tilsette, men også klokkarar.

Det skal også gåast gjennom tekstilene i skuffene oppe på sakristiloftet.

Linda tek hovudansvar for dette etter påska.

Sak 05-2024 Bøting av løparen i midtgangen.

Løparen har ein skade på side omtrent imidten mot gangen mot rullestolninggangen. Det skal vere mulig å fikse.

Linda tek seg av dette

Sak 06-2024 Oppfølging av dei andre prosjekt

Dette skal komiteen sjå på når vi har kome vidare med dei første fire prosjekt.

Sak 03-2024 Supplering av utval, mandat

Supplering av utvalet vil vi ta ein annen gang når vi også ser om vi kan dele oppgåvene litt meir i interiør og eksteriør.

Ulsteinvik, 18.03.2024

Christfried Kaul, ref.

Referat frå gudstenesteutvalet i Ulstein sokn – 02.04.24

Kyrkjekontoret 19.30

Tilstades: Michelle Øhmann, Mirjam Håland Igland, Margit Lovise Holte, Mali Åm, Karianne Orvik, Øyvind Grimstad Hagen

På møtet utveksla vi litt ulike tankar om kva vi kan få utretta som utval:

- Kjønnbalansen i utvalet kunne vore betre – og vi kunne godt ha fått representert nokon som er i aldersgruppa 60+.
- Det kom innspel på at det er litt uklart om kven som er ansvarleg for kva ifbm gudstenestene. Ein klar arbeidsintruks til både klokkar, kyrkjetenar, gudstenestemedhjelpar og kyrkjevert vil vere til god nytte. Spesielt for område som kan overlappe. *Karianne er med som klokkar denne våren og ville gjerne ta tak i dette arbeidet vidare saman med nokre frå staben.*
- I samband med innspelet om arbeidsintruks kom det også fram at ein tekniker-teneste kunne vore aktuell (lyd, video, skjerm). Med litt enkel kursing kan dette vere noko mange kan meistre. Kan også vere ein arena for å gje konfirmantar, TS-ungdom osv. ei teneste.
- Det er viktig at vi kommuniserer godt både til dei som går ofte i kyrkja og dei som kjem innom iblant. Programma for gudstenestene må vere gode og forståelege.
- Det har kome eit innspel frå søndagsskulen om at dei gjerne vil starte på Fredheim kl.11. Frå no av skal klokkar informere om det er søndagsskule heilt i starten av gudstenesta.
- Klarer vi å lage ei gudsteneste for alle aldrar? Dette prøver vi for fyrste gong 22.september. Konseptet går ut på å ha ei gudsteneste med felles oppstart, så delar vi opp i søndagsskulealder, tweens og teens. Vi kan t.d. bruke alle dei tre etasjene på Fredheim. Gudstenesta vert avslutta med nattverd for alle i kyrkja og påfylgjande kyrkjekaffi – gjerne i benkane. Mirjam og Øyvind ser nærmare på dette og vil utfordre KRIK til å vere med å bidra inn mot denne gudstenesta.
- Søndagsskulegudsteneste vart også nemnt.

Utvalet gjekk gjennom heile planen for hausten og kom med innspel som Margit og Mirjam tek med seg til staben.

*Neste møte for utvalet vert **28.mai kl.20.00**. På det møtet vil vi sjå nærmare på instruksane til dei ulike rollene i gudstenesta, rammene for gudstenesta 22.september og kalenderen for hausten.*

Referent Øyvind G. Hagen



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: SUFH
Dato: 21.03.2024
Tid: kl 17.00 - 21.30

| Frammøtte | Reprenterere | Funksjon |
|----------------------------|---------------------|-----------------|
| Hanne Notøy | Ap | medlem |
| Ivar Kåre Mork | Ap | medlem |
| Marianne Breivik | Ap | medlem |
| Alf Johan Antonsen | Frp | medlem |
| Kjell Egil Barstad | Frp | medlem |
| Knut Erik Engh | Frp | medlem |
| Mariette Elise Gjerde | Frp | medlem |
| Egil Ulfstein | H | medlem |
| Hans Petter Th. Ulstein | H | medlem |
| Oscar Overvåg Tafjord | H | medlem |
| Stian Skorgen Scheide | H | ordfører |
| Stig Ole Borgundvåg | H | medlem |
| Per Karsten Ødegård | INP | medlem |
| Per Lorentz Kopperstad | INP | medlem |
| Arve Eldar Flø | K | medlem |
| Anders Åge Myrene | KrF | medlem |
| Kjell Peter Lunde | KrF | medlem |
| Lisa Mari Breivik Anderson | Sp | varaordfører |
| Morten Feiring | SV | medlem |
| Eldar Knotten | V | medlem |

| Forfall | Reprenterere | Varamedlem | Reprenterere |
|------------------------|---------------------|---------------------------|---------------------|
| Magne Olav Gurskevik | Ap | Marte Gurskevik Skeide | Ap |
| Bennie Bantilan Hansen | Frp | Magnus Kleven Eriksen | Frp |
| Erica Ruiz Solhjem | H | Erlend Eidem | H |
| Berit Roppen | Sp | Jan Arve Ringstad | Sp |
| Olivia Nasset Drage | Sp | Oddvar Gjerde | Sp |

Andre som møtte

| | |
|------------------------|---------------------------------|
| Arne Runar Vik | kommunalsjef teknisk |
| Verner Larsen | kommunedirektør |
| Rebekka Valde Bjørndal | jurist |
| Karen Strand | kommunalsjef oppvekst og kultur |
| Kristin Vik | kommunalsjef helse og omsorg |

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 12.03.2024 - 45/24

1 Ulstein kommunestyre går inn for at det vert arbeidd vidare med utforming og plassering av nye ROP bustadar, for å legge fram alternativ i samband med sak om 10-årig investeringsplan i juni.

2. Ulstein kommunestyre løyver inntil kr 375 000.- til 100 % stilling for miljøvaktmeister, og inntil kr. 400 000 til kjøp av bil med utstyr for miljøvaktmeister. Pengane vert løyvd frå disposisjonsfondet i 2024 for drift og frå kapitalfondet for investering i bil.

3. Ulstein kommunestyre løyver kr. 500 000 .- til kjøp av mellombels løysing på behov for tilpassa og skjerma bustad. Investeringa vert dekt med låneopptak. Renter og avdrag vert dekt med leigeinntekter.

PS 32/24 Ulstein sokn - flytting av investeringsramme frå 2026 til 2024

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner at investeringsramma for 2026 for Ulstein sokn vert redusert med 875 000 kroner og at investeringsramma for 2024 vert auka med same beløp.

Kommunestyret godkjenner at låneopptak for 2024 vert auka med kr 700 000.

Behandling:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner at investeringsramma for 2026 for Ulstein sokn vert redusert med 875 000 kroner og at investeringsramma for 2024 vert auka med same beløp.

Kommunestyret godkjenner at låneopptak for 2024 vert auka med kr 700 000.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 12.03.2024 - 47/24

Ulstein kommunestyre godkjenner at investeringsramma for 2026 for Ulstein sokn vert redusert med 875 000 kroner og at investeringsramma for 2024 vert auka med same beløp.

Kommunestyret godkjenner at låneopptak for 2024 vert auka med kr 700 000.

PS 33/24 Veteranplan for kommunane på Søre Sunnmøre

Vedtak:

Ulstein kommunestyre vedtek vedlagde Veteranplan slik han ligg føre.

Kommunen sin veterankontakt skal vere ordføraren.

Utgiftsdekning til felles veterankontakt med inntil kr 15.000.- pr år vert dekt frå rammeområde politikk.

S-SAK 2024/13 Gudstenesteplan hausten 2024

UTGREIING

Vedlegg:

Utkast til gudstenesteplan

Gudstenesteutval har hatt møte 02.04.2024. Staben har hatt planleggingsdag, 03.04.2024. Gudstenestelista som er lagt fram tek med innspel frå desse møta. Ulstein kyrkje har eit rikt gudstenesteliv med mange gode tradisjonar. Det skal leggjast til rette for regelmessige muligheit for dåp, nattverd og minning. Gudstenesteplanen tek utgangspunkt i kyrkjeåret rytme og sikter til ei brei involvering og samarbeid med musikk- og organisasjonslivet. Det vil også vere 3 NRK-overførte TV- og radiogudstenester.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

S-SAK 2024/14 Oppfølging felles møte sokneråd og stab

UTGREIING

Vedlegg:

Notat frå temasamtale under planleggingsdag av staben 03.04.2024

Arbeidsutvalet for sokneråd har drøfta oppfølging av felles møte mellom stab og sokneråd og foreslått at staben bør kome med innspel, men ber også utvala om å ta opp tema frivilligheit for sitt område.

Soknerådet skal orienterast i april- møte, men handsame frivilligheit som ei vedtakssak i maimøte.

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak blir lagt fram utan framlegg til vedtak.

Notat frå temasamtale på planleggingsdag 03.04.2024

Staben hadde planleggingsdag 03.04.2024 og hadde ei samtale med utgangspunkt i oppsummeringa frå Cafédialogen frå felles møte mellom sokneråd og stab 07. februar.

Staben hadde fokus på utvikling av frivillighet i kyrkjelyden, men i starten av samtalen blei det drøfta eit anna meir generelt spørsmål: **Treng vi ein ny visjon?**

Vi har ein ny og engasjert sokneråd, ein engasjert stab med mange nye medarbeidarar.

Da visjonen blei utvikla for snart 14 år sidan blei det gjort eit grundig arbeid som gav oss grunnlaget for satsingane våre. Men utover sjølve slagordet i visjonen, Saman på ferda, er ikkje visjonsdokumentet eit mykje brukt reiskap i dag. Her er det kanskje på tide å starte ein revisjonsprosess. Kanskje det kan vere det rette tidspunktet?

Å samle seg rundt ein god visjon gir oss sjølvtilitt, identitet og retninga for vidare utvikling av kyrkjelyden. Det er også behov for ein ny logo.

Moment frå temasamtalen kring frivillighet:

Vi treng å verdsette frivillig engasjement meir. Det er viktig med god informasjon og opplæring, men også med å løfte frivillige medarbeidarar meir fram gjennom våre kanalar. Ei lita gåve. Også ein takk gjennom ei gåve eller eit anna merksemd er viktig å ha ei god rutine og praksis på. Se frivillige, takke dei frivillige meir.

Det skal vere ein samanheng mellom rekruttering, opplæring og anerkjennelse.

Frivillige treng innsikt i det som ligg bak ei oppgåve, dei treng å kjenne planer og må ha mulighet til reell påverknad av sitt engasjement. Dette vil skape større identitet.

Det må vere rom for eldsjelar som brenn for ei sak dei gjerne vil bidra med, men også mulighet til å hjelpe til med ei avgrensa oppgåve som trengst for å gjennomføre eit arrangement.

Det er eit ønskje å systematisere og koordinere frivillighet betre slik at vi har ein felles standard for arbeid med rekruttering, opplæring, oppfølging og verdsetting av frivillige.

Behov for frivillige treng å bli kommunisert oftare og meir målretta gjennom ulike kanalar. Personleg kontakt, relasjons- og nettverkbygging er avgjerande, men det må også leggjast betre til rette for at dei som ikkje blir spurt enkelt kan melde seg som frivillige.

Dugnader der ein kan bidra med praktisk arbeid kan styrke fellesskap og identitet.

Følgjande tiltak foreslår staben:

- alle tilsette fører fortløpande liste over dei tilsette som medverkar i arbeidet vårt, både kontinuerleg og knytt til enkelthendingar
- Informasjon om muligheita for å melde seg som frivillig blir lettare tilgjengeleggjort i kyrkjebygget, på heimeside, i sosiale media, publikasjonar men også som påminning av og til i kunngjeringar eller ved andre samlingspunkt.
- Vi skaffer oss ei takkegåve vi kan gi i ulike samanheng

- Vi finn eit fast tidspunkt, som ikkje er jul, der vi takker frivillige. Kyrkjelydsfesten eller årsmøtet kan vere mulige alternativ, men også invitasjon til ein medarbeiderlunsj eller ein frivillighetsfest kan vere gode høve.
- Vi treng å setje av pengar til dette i budsjett
- vi inviterer organisasjonane som er aktive i kyrkjelyden vår til eit felles til eit årleg samarbeidsmøte for å drøfte planer eller satsinger med kvarandre.
- Vi vil utfordre frivillige til å stå fram med bilde og tekst for å synleggjere frivillighet meir på ulike informasjonskanalar.

Konkrete nye satsingsmråde for frivillighet:

- - Etablere frivillig besøksteneste

Vidare samtale kring frivillighet:

- Korleis kan vi tilsette jobbe for å slippe frivillige til?

Christfried Kaul (ref.)

03.04.2024